

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA



Kulturmiljødokumentasjon

Fana, gnr. 43, bnr. 1072 mfl., Fondveggen
Bergen kommune

Innhald

Innleiing	3
Historikk	4
Dagens kulturmiljø	9
Registrerte kulturminner	10
Kartmateriale dagens kulturmiljø	11
Bilder frå synfaring	14
Skildring av planområdet	21
Det planlagte prosjektet og konsekvensar for eksisterande kulturmiljø	24
Litteratur og kjelder	28

Desember 2023

PROSJEKT: Fana, gnr. 43, bnr. 1072 mfl., Fondveggen.Arealplan-ID 4601_70720000

TILTAKSHAVAR: Skanska Eiendomsutvikling AS

KONSULENT: Ard arealplan AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

v/ Silje Een de Amoriza og Håvar Klyve Parr, faghistorikarar

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturmiljødokumentasjon i samband med detaljregulering for prosjekt i Fana, gnr. 43, bnr. 1072, Eiketun - Fondveggen Nesttun i Bergen kommune, på oppdrag frå Skanska Eiendomsutvikling AS. Plankonsulet er Ard arealplan AS.

Planområdet ligg på Nesttun i Bergen kommune. Området omfattar eigedom 43/1072, m.fl.. Planområdet ligg som ein fjellskråning mellom Midttunvegen og Nesttun sentrum, og består hovudsakeleg av grøntareal, dette utgjør sjølve tiltaksområdet i planen. I tillegg til grøntareal inkluderer planområdet deler av Midttunvegen og Hardangervegen, samt enkeltstående bygg langs veg, og deler av parkeringshus vest for grøntområdet. Nesttun sentrum med butikkar og bybanestopp ligg rett vest for planområdet.

Planområdet er regulert i gjeldande reguleringsplan for Fana, del av gnr. 42 og 43, Nesttun sentrum (Plan-ID 16370000) vedtatt i 2005, til føremåla konsentrert bustadbusetnad, bustad/kontor/forretning, blanda sentrumsføremål, bustad/offentleg frittlig-

gande småhusbusetnad, felles leikeplass, grønnstruktur, garasjeanlegg, anna felle-sareal, felles gangareal og felles avkjørsel/kjøreveg. I KPA 2018, er planområdet omfatta av/grenser til bestemmelsesområde Historisk område #7 samt hensynssone historisk senter Nesttun (H570_1). Gamle Vossebanen trasé og gamle Osbanen trasé er viktige elementer i landskapet. Utbyggjar sin intensjon med planforslaget er å legge tilrette for konsentrert busetnad med 195 nye bueningar.

Denne kulturmiljørapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Rapporten er delvis basert på ei innleiande kulturmiljø-analyse gjennomført av OPUS, og har også hente informasjon frå stedsanalysen for prosjektet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Håvard Klyve Parr frå Historikarverksemda 2. oktober 2023. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Planområdet er markert med rosa, stipla linje. Kjelde: Kommunekart.com.

Historikk

Fram til rundt 1880 var Nesttun prega av jordbruk, og planområdet var opphavleg del av garden Midtun. Området var nært knytt til Bergen, kor Nesttunbøndene reiste inn med varene sine. Jordbruket hadde lange historiske røter i området, truleg tilbake til bronsealderen.

Nesttunelva og topografien, nye ferdsleveggar som Nesttunvegen (ca. 1860) og Hardangervegen (1870-åra) og bygginga av Vossebanen (1883) la føresetnadane for utviklinga av Nesttun som tettstad med industri og handel. Jernbanen og dei nye ferdslevegane knytte by og land tettare saman, og gjorde at folk som arbeidde i Bergen kunne busette seg i området. Nesttun Uldvarefabrik etablert 1888 blei ein viktig arbeidsplass, med arbeiderbustadar langs Hardangervegen. Nesttun blei kommunesenter i Fana med kommunehus, skule, bank og andre servicefunksjoner, og blei

også eit viktig knutepunkt for kommunikasjon. Og i perioden 1920–1950 utvikla Nesttun seg til ein blomstrande småby. Det blei reist byggar i mur langs Nesttunvegen, og gata fekk karakter av å vere ei byggate. Her kunne ein finne meieri, samvirkelag, tobakksforretning, frukt og grønt, fiskebutikk, bakeri, skomakar, kafé og ei rekke andre butikkar. I 1950- og 1960-åra opplevde Nesttun vidare ekspansjon.

Då Bergensbanen blei lagd om gjennom Ulriken i 1964 (og lokalbanen mellom Bergen og Nesttun lagt ned året etter) var dette byrjinga på ein tilbakegang for Nesttun som sentrum. Motorveg til sentrum langs Nordåsvatnet og etableringa av Lagunen kjøpesenter i 1985 bidrog vidare til at Nesttun no hamna litt i bakevja. Dei siste åra har imidlertid etableringa av Bybanen på ny forsterka Nesttun som kommunikasjonsknutepunkt og bydelssentrum.



Flyfotoet over vart tatt ein gong i åra 1935–1939, i ein periode då Nesttun var i ferd med å bli ein blomstrande småby. Planområdet omtrentleg markert med grøn sirkel var eit skogsområde i skråninga ned mot elva. Området var del av Midtun gard, og på andre sida av elva låg garden Nesttun. Over planområdet ser ein spreidd landbruksområde med spreidd gardsbusetnad, medan ein nedanfor og over elva ser ei slette etterfulgt av industribygg og sentrumsbusetnad. Foto: Ubb billedsamlingen.



Flyfoto frå 1950 viser planområdet sett frå sør. Her ser ein at det sentrumsnære sletteområdet ved sentrum framleis ikkje er utbygd, og platået over planområdet er framleis prega av landbruk. Foto: Ubb billedsamlingen.



Flyfoto frå 1964 viser planområdet sett frå sør. Her ser ein at den sentrumsnære elveflata no er utbygd med industri- næringsbygg. Foto: Ubb billedsamlingen.



Ortofoto 1951. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Kjelde: Bergenskart.no



Ortofoto 1970. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Samanlikna med ortofoto over frå 1951 ser ein utbygging både nord, vest og aust for planområdet. Ein ser også vidare utbygging/fortetting i sør. Kjelde: Bergenskart.no



Ortofoto 1980. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Kjelde: Bergenskart.no



Ortofoto 1997. Planområdet er omtrentleg markert med grøn sirkel. Kjelde: Bergenskart.no



Ortofoto 2019. Planområdet er omtrentlig markert med grøn sirkel. Samanliknar ein med ortofoto frå tiåra før, så ser ein at det har funne stad ei betydeleg utbygging/fortetting av området. Kjelde: Bergenskart.no

Dagens kulturmiljø

Planområdet ligg sentralt på Nesttun, bydelssenter for Fana bydel i Bergen kommune. Området ligg ca. 60–100 meter aust for hovudgata langs bybanesporet mellom bybanestoppa Nesttun terminal i nord og Nesttun sentrum i sør. Her er i dag eit ubeygd grønt område med skog. Dette bratte området opp mot Midtunvegen er historisk kalla for «Fondveggen», fordi det ligg i baksonen av sentrum og den bratte skråninga. Planområdet består hovudsakeleg av grøntareal, dette utgjør sjølve tiltaksområdet i planen.

I uttalelse frå Byantikvaren datert 20.08.2021 er kulturmiljøet skildra slik: «Nesttun var opprinnelig et av flere klyngetun i Fana har siden 1800-tallet utviklet seg til industristed og stasjonsbyen og kommunesenter. Nesttun sentrum har gjennom de siste 150 årene utviklet en bygningsstruktur og bygningstypologi som i vesentlig grad skiller seg fra de omkringliggende omgivelsene. Det urbane sentrumet har fortsatt bevart alle de vesentlige delene fra perioden fra industrialiseringen og kommunesenter for Fana. Særlig kommunehuset og bebyggelsen mot østre Nesttunvegen med den grønne bakveggen er visuelt karakteristisk for stedet. I tillegg er det bevart eldre bakkemurer, gårdsbruk med driftsbygninger og andre spor etter tiden før urbaniseringen. Nesttun har en tydelig lesbar og stor tidsdybde som definerer et viktig kulturmiljø i Bergen og særlig i Fana bydel.»

I KMP 2021–2025, Identitet med særpreg står det: «Industrietableringen ved Nesttun/Hop-vassdraget var sammen med nye Birkeland kirke (reist 1878) viktige for utviklingen av tettstedet Nesttun. Nesttun ble også tidlig en stasjonsby som et knutepunkt i jernbanenettet, her møttes Vossabanen og

Osbanen. Kulturmiljøet rundt Nesttun viser utviklingen fra bondesamfunn til kommunikasjonsknutepunkt hvor funksjonene administrasjon, industri, handel og service etter hvert samlet seg i et senter, og der boligutbyggingen i området rundt i stor grad skjedde som en følge av senterdannelsen og transportsystemet. Dette gjør at vi på Nesttun finner både rester av opprinnelige gårdsbebyggelse, industrihistorie, kommunikasjonshistorie, eldre og nyere villarkitektur og tettstedsbebyggelse fra vår egen tid samlet på et relativt avgrenset område.»

I KPA 2018, er planområdet delvis innafør/ligg i randsonen til bestemmelsesområdet Historisk område #7 samt hensynssone historiske senter Nesttun (H570_1). Gamle Vossebanen trasé og gamle Osbanen trasé er viktige elementer i landskapet. I KPA står det at «Bebyggelsens egenart og særpregede kulturmiljø skal sikres og opprettholdes», og videre at «Eksisterende bebyggelse skal være premissgivende for byggehøyder, volum og bebyggelsesstruktur ved nye tiltak.»

Sentrumsområdet har ei bymessig utforming, med heilskapleg gateløp og tett busetnad. Omlandet er preget av tradisjonell bustadbusetnad. Her finn ein spreidd småhushusetnad i form av einebustadar, i tillegg til rekkehuss, terrassehus og blokker. Det er i hovudsak sentrumsområdet og busetnaden nært sentrumsområdet som utgjør blokkbusetnaden. Dei øvrige blokkene ligg henholdsvis søraust og nordaust for Nesttun sentrum. Næring er sentrert i sentrumsområdet og lenger aust for planområdet.

Nær planområdet er dei to gamle gjenverande gardstuna viktige markørar i kulturmiljøet. (Sjå plassering på kart på side

12.) I stedsanalysen for prosjektet er også følgande bygningar trekt fram som viktige identitetsbærande element i kulturmiljøet:

«Bygningene fra bondelandet Nesttun (frem til ca. 1880): Bygningene fra det gamle gårdtunet: Jansagården, Pålagården/Monsatunet, Jansaløen (brant ned i 2018)

Birkeland kirke


Bygningene fra pionértiden (1880 til 1920): Ullvarefabrikkens spinneri-/veveribygning, Storhuset, Brostuen, Tannlegebolig, bolig- hus med jugendstil, skole/lærerbolig.

Bygningene fra når Nesttunvegen blir til en byggate (1920 - ca 1950): Reimers/Vestreim- bygget, Solberggården, Apotekbygning, Nesttunhjørnet, Gjøsteingården, Store Midttun herredshuset.»


Registrerte kulturminner

Det er fleire kulturminner registrert i Askeladden i området. Her er også fleire SE-FRAK-registrerte bygg. Av registrerte kulturminner i nærleiken av planområdet finn ein det arkeologiske minnet Kuholmen – bosetning- aktivitetsområdet frå steinalderen (automatisk freda), Lyskasterbatteri Midtunhaugen og Birkeland kirkested som er kommunalt freda. (Sjå detaljar på kart på s. 13).


Kartmateriale dagens kulturmiljø



Kart over busetnadsstruktur henta frå Stedsanalysen utført av Opus, gir god oversikt over busetnadsstruktur i det større omkringliggende området. Planområdet er omtrentleg markert i grønt.



Oversiktskart frå Stedsanalysen.




Kartutsnitt henta frå Bergenskart over gardsgrenser og eksisterande gardstun. Planområde ligg like innafor vestlag grense av det som var garden Midtun, på grensa mot garden Nesttun. Som ein ser så er det to raude sirkalar markert som indikerer framleis eksisterande gardstun tilhøyrande Midtun. Planområdet er omtrentleg markert i grønt.



Kartutsnitt henta frå Bergenskart viser historiske vegfar i nærleiken av planområdet. Planområdet er omtrentleg markert i grønt.

- 1 = Historisk jernbanetrase Vossebanen H570_4
- 2 = Historisk vegfar Sandal-Nesttun
- 3 = Historisk vegfar, Midtun-Skjold
- 4 = Historisk vegfar, Stavangerske postveg



Kartutsnitt henta frå Bergenskart.no viser kulturminner registrert i Askeladden i nærleiken av planområdet. Planområdet er omtrentleg markert med grønt.

1 = Kuholmen

2 = Lyskasterbatteri Midtunhaugen

3 = Birkeland kirkested



Kartutsnitt henta frå Bergenskart.no viser SEFRAC-registrerte bygg nær planområdet. Planområdet er omtrentleg markert i grønt.

Bilder frå synfaring



Bilde tatt frå Nesttunhalsen 10 mot planområdet: Foto: Opus.



Planområdet med Midtunvegen og busetnad i bakgrunnen. Bildet er tatt frå sørvest.



Nestun Amfi til venstre i bildet og deler av planområdet til høyre.



Planområdet i bakgrunnen med Nestun Omsorgsbolig til høyre i bildet.



Planområdet i bakgrunnen med Nesttun Omsorgsbolig og Herredshuset.



Bilde tatt frå Birkeland kirke. Ein ser Herredshuset i forgrunnen og planområdet i bakgrunnen.



Nesttun sentrum med planområdet «Fondveggen» i bakgrunnen. Bildet er tatt får sør.



Nesttun sentrum – planområdet til høyre i bildet.



Bilde frå Midtunvegen på oppsida av planområdet. Her ser ein eit av dei gamle gardstuna, gnr. 43/1.



Kulturmiljø langs Midtunvegen – busetnad.



Den gamle løa tilhørende gardstun med adresse Midtunvegen 28.



Det gamle våningshuset med adresse Midtunvegen 28.



Det gamle våningshuset med adresse Midtunvegen 28., med deler av planområdet til høyre i bildet. Foto: Opus.



Planområdet sett fra dei nye husa bygd på innmarka til gardstunet Midtunvegen 28. Det gule huset til venstre i bildet er Midtunvegen 18. I midten av bildet ser ein Herredshuset og Birkeland kirke. Foto: Opus.

Skildring av planområdet

Planområdet for rapporten består som nemnt hovudsakeleg av grøntareal, og dette utgjer sjølve tiltaksområdet i planen.

Planområdet var tidlegare del av Midtun gard, og grensa i vest til garden Nesttun. Ser ein på historiske bilder (s. 4–8), så ser ein at dette har vore eit delvis skogkledd område / delvis jordbruksland. På bildet under ser ein bruk av bakkemurar i jordbrukslanskapet. Deler av desse murane finn ein framleis igjen i planområdet.


Ser ein på samme bildet, så ser ein også at det gjekk ein veg ned frå våningshuset i gardstunet (dagens adresse Midtunvegen 28), over planområdet og ned til Nesttun sentrum. Vegen er i dag delvis øydelagt av bygginga av Nesttun Omsorgsbolig (gnr. 43/209) Hardangervegen 4–6. Resten av vegen opp til det gamle gardstunet er igjen-grodd, men framleis synleg. Vegen ser ein også tydeleg på eit kart frå 1937 (sjå neste side).

Bakkemurane og den gamle stien i planområdet, saman med det framleis eksisterande gardstunet, utgjer viktige historieforteljande element. Framleis eksisterande bakkemurar og sti vert dokumentert gjennom synfaring-bilder på dei følgjande sidene.

Som tidlegare nemt har også planområdet betydning som «Fondvegg» – eit visuelt grønt bakteppe som markerer skiljet mellom Nesttun sentrum og omland. Ser ein på utbyggings-utviklinga i området på ortefoto i perioden 1951–2019 (sider 6–8 i rapporten), ser ein samstundes at Fondveggen i dag utgjer eit av få grøne landskap like i nærleiken av Nesttun sentrum.



Flyfoto frå 1935–39. Foto: Ubb billedsamlingen.



Kartutsnitt fra 1937 viser tydeleg kor vegen gjekk mellom gardstunet med dagens adresse Midttunvegen 28 og ned til Nesttun sentrum – markert med raudt. Kjelde: Bergenskart.



Stien fra det gamle våningshuset og ned til Nesttun sentrum er framleis synleg gjennom planområdet.



Eksempel på bakkemurar i planområdet.

Det planlagte prosjektet og konsekvensar for eksisterande kulturmiljø

Byantikvaren i Bergen skriv i brev dater 20. august 2021: «En utbygging i den grønne strukturen som skiller det historiske bestemmelsesområde / hensynsonen H570 og boligbebyggelsen på i Midtunvegen på plataået over Nesttun sentrum kan svekke forståelsen av utviklingen av det tidlige kommunesenteret for Fana kommune. Midtunvegen på plataået over sentrum består i dag hovedsak tidlige gårdsbebyggelse og villaer og mindre boligprosjekter. Både bybebyggelsen i bestemmelsesområdet / hensynssonen, grønt strukturen og eksisterende bebyggelse i Nesttunvegen må tas hensyn til i den vidare planarbeidet. Det er særleg viktig at det blir oppretthold en større grønn buffersone mot sør og bo- og servicesenteret på eiendommen 43/209.»

I KMP «Identitet med særpreg» vert det også peika på at kulturmiljøet i området er under press, som følge av ønske om høgare utnytting rundt kollektivknutepunkta (s. 237).

Ser ein på foreløpig situasjonsplan og skisser (s. 25–28) er det tydeleg at det planlagte prosjektet vil fjerne store deler av noverande grøntareal. Det planlagte prosjektet vil medføre ei endring i eksisterande kulturlandskap, og visuelle endringar for lesbarheiten til kulturmiljøet i skiljet mellom Nesttun sentrum og omkringliggende busetnad.

Når det gjelder tilpassing til kulturmiljø, så formidlar arkitektgruppa for prosjektet at dei søker å ta vare på så mykje eksisterande natur som mogleg. Det er fleire eiketrær på tomta, som vert tatt omsyn til ved plassering av bygga. Desse vert sentrale i dei felles uteområda. Det er søkt å bevare naturen som har best kvalitetar med omsyn til vegetasjon og helningsgrad, og plassere buset-

naden på dei brattaste og mest utilgjengelege områdene av tomta. Naturområda skal ivaretakast mest mogleg som dei er i dag, og tilretteleggast for tilkomst og leik med minimale inngrep.

Langs tilkomstvegen frå Midtunveien er busetnaden planlagt samla rundt mindre tun. Rundt tuna er busetnaden fragmentert, med mindre volum og saltak for å møte ein bustadbusetnaden på Midtunhaugen i skala og volum.

Mellom den nye busetnaden i sør, og bu- og servicesenteret er det planlagt å opparbeide ein trappeforbindelse ned til Nesttun sentrum. Så mykje som mogleg av grøntarealet i sør, inkludert to eiketrær, vil bli bevart og slik oppretthalde ein grønn buffersone mot eigedom 43/209.

Det som er igjen av gamle bakkemurar, er det planar om å plukke ned og gjenbruke i ny kontekst. Arkitektgruppa ynskjer med dette å gjere dei til ein del av historieforteljinga, og bidra til å knyte uteareala saman med eksisterande naturkvalitetar. Den attgrodde vegen, som tidlige førte ned frå gardstunet til Nesttun sentrum vil vise igjen i etableringa av snarvegar gjennom området. Slik vil den historiske forbindelsen mot Nesttun sentrum bli reetablert/ivare tatt.



Foreløpig situasjonsplan frå Vill.



Illustarasjónar frá Vill. Oversikt frá sør.



Illustarasjónar frá Vill. Oversikt frá nord.



Illustrasjonar frå Vill. Midtunhaugen frå sør.



Illustrasjonar frå Vill. Midtunhaugen frå nord.

7 - PERSPEKTIV FRA NESTTUN SENTRUM

► Eksisterende situasjon



► Planlagt situasjon



8 - PERSPEKTIV FRA BROEN OVER NESTTUNVEGEN

► Eksisterende situasjon



► Planlagt situasjon



SKANSKA **Ard** VILL LARK

9 - PERSPEKTIV FRA SØR

► Eksisterende situasjon



► Planlagt situasjon



SKANSKA **Ard** VILL LARK



Illustrasjoner frå Vill.



Illustrasjoner frå Vill.

Litteratur og kjelder

Identitet med særpreg – kulturminnestrategien for Bergen.

Innledende stedsanalyse – Nesttun Fondveggen, OPUS 01.03.2021

Uttalense frå Byantikvaren, datert 20.08.2021.

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*. Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. Gards- og ættesoge. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Seeiendom.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no

Illustrasjonar frå Vill